

UTDANNINGSSTRATEGI 2022-2025

1. VISJON OG MÅL

Det overordna målet for Regionalt samarbeidsorgan for utdanning er å bidra til ei berekraftig helseteneste og eit framtidretta, relevant, kvalitetssikra, og riktig dimensjonert utdanningstilbod i heile regionen. Utdanning av personell er eitt av fire ansvarsområder til helseføretaka. Aktørane i samarbeidsorganet har eit felles ansvar for å legge rammer for praksisstudiar, som er ein sentral del av utdanningsløpa i helsefagutdanningane og andre relevante utdanningar. God dialog og rutinar rundt utdanningssamarbeid mellom aktørane om utdanningstilboda er nødvendig for å ta vare på kvalitet i utdanningsløpa og behova i spesialisthelsetenesta. Utdanningsstrategien må sjåast i samanheng med nasjonale og regionale føringar.

2. BAKGRUNN OG FORANKRING AV STRATEGIEN

Helse- og omsorgsdepartementet gir instruks¹ til dei regionale helseføretaka om å samarbeide med universitet og høgskular. Instruksen blei sist revidert i 2013 og skal sikre at samarbeidet tar hand om:

- Saker innanfor helseforskning og innovasjon som er av gjensidig interesse
- Universiteta og høgskulane sine behov for undervisning, opplæring og rettleiing av studentar
- At utdanning og forskning er i tråd med behova i spesialisthelsetenesta


Det er rammeavtalen² mellom Helse Vest RHF og utdanningsinstitusjonane i regionen (Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og VID vitenskapelige høgskole) om forskning, innovasjon og utdanning som regulerer samarbeidet. Rammeavtalen bestemmer samarbeidsformene og dei gjensidige rettane og pliktene til partane for å sikre eit konstruktivt samarbeid, og det er i rammeavtalen mandatet til samarbeidsorgana ligg:

- Samarbeidsorgana skal drøfte saker av felles interesse. Kvar av partane pliktar å melde saker av felles interesse på eit tidleg tidspunkt og før det skal takast ei avgjersle i partane sine respektive vedtaksorgan.
- Samarbeidsorgana har ein rådgjevande funksjon for dei vedtaksorgana i helseføretaksgruppa i Helse Vest og i utdanningsinstitusjonane i saker som gjelder forskning, innovasjon og utdanning.
- Samarbeidsorgan for utdanning skal vurdere innhald, dimensjonering og endringar i utdanninga på grunnlag av behov i helse- og omsorgstenesta i regionen og gi tilbakemelding til styret i Helse Vest RHF, universiteta og høgskulane. Samarbeidsorganet skal også gi råd om handtering av praksisplasser.
- Begge samarbeidsorgana har ansvar for å vurdere sammenhengen mellom forskning, innovasjon og utdanning og uttale seg om saker av felles interesse. Det blir årleg arrangert eit felles møte mellom samarbeidsorgana for å medverke til dette.

Helsefagutdanningane krev eit nært og forpliktande samarbeid mellom helseføretak, dei private ideelle institusjonane i spesialisthelsetenesta og utdanningsinstitusjonane for å utdanne funksjonsdyktige medarbeidarar/profesjonar. I tråd med rammeavtalen opprettar helseføretaka eigne underavtalar med utdanningsinstitusjonane. Føretaka har utdanningsansvar for leger i spesialisering.

Godkjent 10.06.22

Samarbeidsorganet for utdanning skal årlig arrangere utdanningskonferanse og dele ut utdanningspris.



Figuren viser dei viktigaste samhandlingsrelasjonane mellom utdanningsinstitusjonane (brun/svart sirkel) og helseføretaka (blå sirkel) i Helse Vest når det gjeld helsefaglege utdanningar. Begge er gjensidig avhengige av kvarandre for å få til eit godt samarbeid og velfungerande helseprofesjonar.

3. STRATEGISKE MÅL

3.1. Relevans: Bidra til relevant utdanning

Innsatsområde:

- Vurdere behov for endringar av innhald i og omfang av utdanningar på bakgrunn av demografi- og sjukdomsutvikling, samt teknologisk utvikling som påverkar utdanningsbehovet
- Løfte behov for endringar i utdanningane opp på nasjonalt nivå ved behov i helseføretaka, og stimulere til eit tettare samarbeid mellom respektive oppdragsgjevarar (HOD og KD), og med kommunesektoren
- Vere pådrivar for oppretting av kombinerte stillingar mellom helseføretak, utdanningsinstitusjonane og kommunane. Diskutere regionale behov i forkant av etablering av nye utdanningar og ved vesentlige endringar i utdanningar som får betydning for samarbeid mellom partene». Gjennom samarbeid imøtekome spesialisthelsetenesta og pasientane sine behov og sikre arbeidslivsrelevans.

Godkjent 10.06.22

3.2. Kvalitet: Bidra til utvikling av innovative, framtidsretta utdanningar av god kvalitet

Innsatsområde:

- Vurdere kompetansebehov både i utdanningsinstitusjonane og helseføretaka, for å sikre kompetanse i tråd med helsetenesta og pasientgrupper sine behov
- Vurdere simulering og ferdighetstrening som metode, for m.a. auka kvalitet og pasienttryggleik
- Stimulere til tverrfaglege prosjekts- og undervisningssamarbeid
- Bidra til å utvikle kompetanse i helseføretaka og studietilbod innanfor rettleingspedagogikk
- Bidra til å vidareutvikle praksismodellar og praksisarenaer
- Ha dialog om arealbehova knytta til pasientnær undervisning i helseføretaka ved planlegging av nye sjukehus og ombygging/utbygging av den eksisterande bygningsmassen
- Vidareutvikle og digitalisere avtalar for å sikre gode samarbeidsavtalar mellom sektorane

3.3. Dimensjonering: Bidra til at utdanningskapasitet og kompetanse er i samsvar med behov lokalt og regionalt

Innsatsområder:

- Vurdere regionale og lokale behov for kompetanse med omsyn til dimensjonering og kapasitet innen utdanningstilboda
- Bidra til å sikre samsvar mellom tal på studieplassar innan utdanningssektoren og behova i helsetenesta
- Vurdere kva slags kompetanse det er behov for i utdanningsinstitusjonane og helseføretaka, for føretaka m.a. ved bruk av Nasjonal bemanningsmodell
- Vurdere handtering av praksisplassar, og om simulering kan erstatte delar av praksis

4. ÅRLEG GJENNOMGANG AV HANDLINGSPLAN

Regionalt samarbeidsorgan for utdanning vil årleg gå gjennom og revidere handlingsplan for utdanningsstrategien for å vurdere kva tiltak som bør prioriterast i det aktuelle året.